



FULL FART. I skicrossløypa gikk det i full fart. Her er det Mathias Rønneberg og Marcus Myhre som jager teten.

Parallellslalåm med oddsbombe

Siste krets cuprennet vart arrangert under strålende forhold i Hevsdalen laurdag. Parallellslalåm stod på programmet og i G 15 vart det outsiderane sin dag.

ALPINT. Stordalingen Olav-Rune Bratland har vore ein ivrig alpinist gjennom fleire sesongar. Laurdag tok han sin fyrste siger i eit krets cuprenn.

– I dag hadde eg godkjensla, og særleg etter det gikk bra i fyrste runden fekk eg trua på det heilt store, seier Olav-Rune etter ein finale der han hadde bra kontroll. At finalemotstandar skulle bli Sondre Framhus frå Stranda IL var heller ikkje venta. – eg har køyrt stodig i heile dag, men mange av konkurran-

tane mine har hatt uhell, kommenter Sondre etter ein overraskande sterk innsats på heimleg grunn.

Populær konkurranseform. Det var tydeleg at somme løparar vart litt skipla av å ha ein konkurrent tett innpå seg. Fleire enn normalt måtte over ende. Kvar runde gikk over to omgangar.

Utøvarane med best samanlagtid gikk vidare til neste runde. I dei største klassene vart det mange turar gjennom løypa før vinnaren kunne kårast.

– Eg har køyrt åtte omgangar. Dette var veldig artig og vi skulle hatt fleire slike renn i løpet av ein sesong, meiner Mathias Hjelseth frå Sykkylven IL, som vann klasse G 13 etter to relativt tette

omgangar mot Børge Skar Erikson frå Spjelkavik i finalen.

Skicross for dei yngste. Løparane under ti år fekk prøve ei heilt ny konkurranseform, nemlig skicross.

Denne idretten er alt olympisk grein, og etter det vi såg av dei unge utøvarane laurdag har vi tru på at den vil vinne nytt ter-

ring i framtida. Heat på tre løparar starta samstundes, utan tidtaking, og dei fekk prøve seg gjennom løypa fleire gonger.

Fleire av dei heldt fram i løypa lenge etter at den offisielle renndelen var slutt.

– Dette var knakande moro, var omkvedet.



OVERRASKA. Oddsbombe i G15 i siste krets cuprennet. Andreman Sondre Framhus, Stranda IL, til venstre og vinnar Olav-Rune Bratland, Stordal IL. Ingen av dei to var inne mellom dei tre på topp i krets cupen samanlagt.



SKICROSS. Dei yngste deltakarane køyde skicross. Her er dei som fekk premie i klasse ni år.

I dag hadde eg godkjensla

OLAV-RUNE BRATLAND

ATLE HOLE
sport@smp.no